

---

Saksnr: 2020/77154-139  
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet		14.10.2021

## Vestlandskonferanse med fylkeseldreråd

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding

Samandrag

Fylkeseldrerådet vert i denne saka beden om å ta stilling til om dei skal arrangere Vestlandskonferanse med fylkeskommunale eldreråd på vestlandet.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Lotte Lynngård  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Saka er satt på sakskartet av leiar.

Spørsmålet om Vestlandskonferanse har vore oppe i fylkeseldrerådet tidlegare som referatsaker (*RS 26/2021 Vestlandskonferanse for eldreråd* og *RS 30/2021 Vestlandskonferanse for eldreråd i Vestland og Rogaland*).

Fylkeseldrerådet vert i denne saka beden om å ta stilling til om dette skal arrangerast av fylkeseldrerådet i Vestland hausten 2022. Kor skal ein slik konferanse vere, og på kva tidspunkt.

Eit slikt arrangement vil også krevje stor innsats og det er fylkeseldrerådet som må stå for dette arbeidet. Dersom ein skal arrangere konferansen vil rådet sjølv måtte arbeide med og planleggje dette. Administrasjonen vil sjølvstøtt hjelpe med administrative oppgåver, t.d. å sende ut invitasjonar.

Vedtakskompetanse

Fylkeseldrerådet har vedtaksmynde etter reglement for medverknadsorgana nr 2. Oppgåver a. Medverknadsorgana kan innafor sitt arbeidsområde arbeide for å utvikle eigen organisasjon og verksemd.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Eit arrangement vil koste pengar som fylkeseldrerådet vil ta frå eige budsjett.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkeseldrerådet må ta stilling til om det skal arrangerast konferanse med fylkeskommunale eldreråd på vestlandet.